



Arkes Bygg AS
Tertnesflaten 2
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1225 - 14/3609

Saksbehandlar:
Ingrid Moe
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:
12.03.2014

Merknadar til motteke søknad om byggjetiltak på gnr.40 bnr. 7 i Meland kommune

Det vert vist til søknad stempla motteke av Meland kommune 17.12.13 og tilleggsdokumentasjon motteke 02.01.14 om løyve til oppføring av 5 naust på gnr. 40 bnr. 7, med tilhøyrande veg og avkøyrser frå kommunal veg.

Administrasjonen finn at Dykkar søknad ikkje kan handsamast grunna følgjande manglar:

- Administrasjonen har vurdert foreslått traseløysing satt fram i søknad om løyve. Vegtrasèen er tenkt plassert i eit bratt terreng, der stigninga på det meiste er rekna til 15,13%. Etter forskrift om Alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg, skal ikkje avkjørsler ha ei brattare stigning enn 1:8, dvs 12,5%. På dei fyrste 2 meter frå vegkanten skal stigninga ikkje overstige 5%.

Skissert avkøyrser ligg over den maksimale stigninga, og kommunen ber Dykk derfor om å sende inn eit nytt forslag til vegtrasè.

- I føresegna til kommuneplanens arealdel går det fram av Byggjeområde for naust pkt. 3 at *«Naust i samanhengande naustområde bør variera i storleik, farge og materialbruk innanfor rammene av lokal byggjeskikk»*.

Prosjekterte naust har same storleik og materialbruk. Meland kommune ber Dykk derfor om å grunngje kvifor Dykk har prosjektert naust i strid med retningslinjene i kommuneplanens arealdel, eventuelt sende inn eit revidert forslag til utforming av dei 5 nausta.

Dykkar søknad om løyve til tiltaket vert lagt i ventearkiv fram til naudsynt dokumentasjon eventuelt vert innsendt, jf. ovenstående. Saka vil bli teke fram til handsaming dersom

kommunen mottek ein komplett søknad. Administrasjonen held seg likevel rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang av søknaden.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe
byggjesakskonsulent/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Furuskjegget AS

Steinsvikkroken 14 5237

RÅDAL

Mottakere:

Arkes Bygg AS

Tertnesflaten 2 5114

TERTNES